

**Sakshandsamar:**

Kristin Arnestad

E-post: kristin.arnestad@sfj.no

Tlf.: 90616843

**Vår ref.**

Sak nr.: 19/8123-1

Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

**Internt l.nr.**

43281/19

**Dykkar ref.****Dato**

LEIKANGER, 26.08.2019

**Notat****Frå:** Nærings- og kulturavdelinga**Til:** Fylkesrådmannen**Status - Større søknader som fekk løyving gjennom tertial 1/19**

Vedtaksbrev etter tertial 1 ligg som skriv og melding til FU sitt møte 28. August 2019. I dette notatet går vi gjennom status i sakene per medio august.

**Lærdal Grønt**Status sidan sist

Ikkje mykje nytt, då vi lenge har vore klar over at prosessen vil gå ut over hausten.

Kva skjer framover

Dei tre pakkeria har etablert eit prosjekt som skal jobbe vidare med samanslåingsprosessen (tekniske løysingar, finansiering, organisering m.m.).

Dei har hatt leverandørmøter og lagt plan for å jobbe fram betre kostnadskalkyler. Det er sendt søknader til alle kommunane i Sogn, og har dei har hatt møte med Innovasjon Norge og Gartnerhallen. Har avtalt nye møter. Søknad vert sendt IN når finansieringsplan og kalkyler er meir gjennomarbeida.

Avklaring (vedtak om samanslåing, og bygging) seinast 1. desember 2019.

Vurdering og oppfølging

Dei jobbar godt og grundig med eit komplekst prosjekt. Innovasjon Norge er positive.

Vi trur det er god sjans for å sikre ekstern finansiering. Det mest kritiske er kanskje å få alle produsentlaga med, og å få inn nok ekstern finansiering til at einskildprodusentane ser økonomi i det. Det er difor viktig å gje dei tid til å få eit skikkeleg vedtaksgrunnlag, og arbeide med forankringa i organisasjonane. Då har vi god tru på at prosjektet blir gjennomført.

Vi har vore klare på at vi må ha alle avklaringar på plass i god tid slik at vi kan skive endeleg tilskotsbrev i løpet av året. Følgjer opp jamleg, og har dialog med fylkesmannen.

**Njøs Eigedom**Status sidan sist

Graminor hadde eit styremøte i juni etter fylkestinget. Det blei ikkje gjort endeleg vedtak då.

Har fått inn 3,45 mill. kr. frå kommunane (søkte om 4 mill. kr.). Total stadfesta ekstern finansiering er 12,45 mill. kr. Med 5,5 mill. kr. i eigne midlar og lån (som skissert i finansieringsplanen) er 17,95 mill. kr. på plass. Totalbudsjettet i søknaden var 32 mill. kr. Njøs fekk 9 mill. kr. mindre enn søkt om frå fylkeskommunen, så ein stor del av skilnaden mellom budsjett og faktisk finansiering ligg her.

### Kva skjer framover

Njøs og Graminor vil sjå på ei stegvis utbygging, arealbehovet, om det er noko som kan kuttast ut, og kor høg gjeldsbelastning Njøs eigedom kan tole.

Framover hausten vil styret i Njøs næringsutvikling vedta framdriftsplanar for selskapsdanning, og det vil bli utarbeidd detaljplanar saman med Graminor. Ein ser føre seg at deler av investeringane som var planlagt i eigedomsselskapet kan flyttast over til driftsselskapet, og det må utarbeidast søknader til både offentlege og private aktørar. I tillegg vil ein utvide aksjekapitalen til Norsk frukt- og bærsepter.

Styret i Graminor vil gjera endeleg vedtak om det blir samling av frukt- og bærforedlinga til Njøs, og Norsk frukt og bærsepter i løpet av hausten 2019. Første styremøte er 26. oktober, det neste er i desember.

### Vurdering og oppfølging

I samtalar signaliserer dei stort sannsyn for at prosjektet blir noko av, men det er ein god del praktiske avklaringar knytt til finansiering, deling mellom dei ulike selskapa, kalkyler, og statsstøtteregulverk med meir som står att. Vi er i kontakt med dei med jamne mellomrom for å sjekke status, og har vore heilt tydelege på at naudsynte avklaringar må gjerast slik at tilskotsbrev kan skrivast i år. Vi har god tru på at prosjektet blir realisert, i eit mindre økonomisk omfang – men likevel i tråd med føremålet.

## **Fjordane Virtuelle Campus**

Selskapet har valt nytt styre i som reflekterer interessene i Fjordane Virtuelle Campus. Framdrifta i prosjektet er god. Manglar nokre avklaringar knytt til om fagskuleutdanning vert å rekne innanfor eller utanfor statsstøtteregulverket. Håpar å kunne skrive tilskotsbrev i løpet av september.

## **Bratt Moro – Sogndal Skredsepter**

Arbeidsgruppa i Bratt Moro arbeider framleis med å avklare spørsmåla vi hadde til organisering, driftsmodell og finansiering. Når vi får meir informasjon frå søkar vil vi vere i stand til å vurdere om støtta kan tildelast i tråd med statsstøtteregulverket. Vi har god tru på at prosjektet vert realisert då det er godt engasjement hos søkar. Vi vil få avklart på kva vilkåret tilskotet kan bli gitt så snart vi får meir informasjon frå søkar.

## **Investeringsmidlar til fellesmagasin i Angedalen**

Vi viser til brev frå MiSF av 15.08.2019 (ESA 19/1878-8). Usikkerheita er her om staten stiller opp med midlar som det er søkt om. Dette kjem ev i forslag til statsbudsjett for 2020.